

Årsmelding 2022 for Haugsvær aktivitetshus

Foreininga Haugsvær aktivitetshus vart stifta i 2022, med det føremålet å arbeida for å leggja til rette for eigna lokale for ulike aktivitetar og samlingar i bygda. Tanken var at innbyggjarar i alle aldersgrupper skulle kunna dra nytte av tiltaka.

Det vart i 2022 gjort eit stort arbeid for å oppfylle føremålet. Bygdefolket stilte opp og mange dugnadstimar vart lagde ned, og resultatet vart eit moderne og oppfriska lokale, der tak og vegger vart måla med panelbeis, og me skifta ut både møblar, belysning, bordtennisbord og anna utstyr.

Bordtennisveteranar frå den tidlegare fritidsklubben var dei første som tok lokalet i bruk. Seinare kom den yngre garde til, men dei var ikkje heilt nøgde med oppvarminga – det var noko rått og vart fort kaldt å sitja i ro. Me fann difor ut at me ville senda ein søknad om prosjektmidlar til Sparebanken Vest, for kanskje å få pengar til ei varmpumpe. Dette fekk me tilslag på, og pumpa kom på plass hausten 2022. Tilskotet frå Sparebanken Vest var på 40 000 kroner, og her ligg det òg inne midlar til to rasteplassbord ute og eit spelebord til dei yngste i kjellaren.

Laget har ikkje innført medlemskontingent i 2022, og me har difor ikkje eit fast tal på medlemmar. Men lokalet har med ujamne mellomrom vore brukt av både ungdomsskuleelevar, unge vaksne og eldre «veteranar». Me har laga reglar for bruk med utgangspunkt i dei yngste, og har sett opp ein nøkkelboks med kode, slik at det skal vera lett å stikka innom når ein ynskjer det.

I mai 2022 vart me grasrotmottakar i Norsk Tipping, og har fått litt inntekter på den måten. Foreininga betaler husleige/straum til Kvernhusbakken grendahus.